

Hege Salte  
Kristine Åsbø  
Signy Refsnes  
Jan Gunnar Mattingsdal  
Ellen Marie Stokka  
Stig Hobberstad  
Tron-Arild Grødem

Nærbø 7.februar 2024

Sara Sommerstad Tjelmeland var med på sak 03/24.

## Referat frå FAU møte 6.februar 2024.

- 01/24 Godkjenning av innkalling og saksliste**  
Innkallinga og sakslista vart godkjent utan merknadar.
- 02/24 Godkjenning av referatet frå møtet 05.12.2023.**  
Referatet er godkjent.
- 03/24 Besøk av ungdomskoordinator Sara Sommerstad Tjelmeland.**  
Sara Sommerstad Tjelmeland orienterte om «Natteravn» ordninga i Hå kommune. Utdringa har vore å få ut informasjon om kva tid foreldre er sett opp til å gå som natteravn. Det er foreldre som har fått denne oppgåva og det har ikkje alltid blitt gjort i like stor grad. Informasjonskanalen har vore FaceBook, men det viser seg at det ikkje alltid har lukkast å nå alle med den informasjonen som er nødvendig. Det vil bli sendt ut påminning til alle foreldre/ føresette ein gong i halvåret.
- 04/24 Orienteringar**
- Mange som søker og som vil inn. Det er veldig positivt for Tryggheim, men trist med alle dei som gjev uttrykk for at dei har det fælt på skulane dei går på, og som ynskjer å koma inn. Det kjem stadig inn søknadar på alle 3 trinna.
  - Ufrivillig skulefråvær. Bekymrar oss veldig. 30.000 ungdommar i Noreg som går svært lite eller ingen ting på skulen. Eit stort

samfunnsproblem som me oppfattar at samfunnet ikkje er i stand til å handtera på ein god nok måte.

- Besøk 21.februar frå Utval for opplæring og kultur
- Besøk 23.februar av ordførar, varaordførar, kommunaldirektør, kommunalsjef og skulesjef.
  
- 10.trinn på gardsbesøk før jul. Flott opplegg arrangert av Bondelaget ++  
Fekk ½ gris og 1 ½ lam. Elevane laga god mat av dette.
  
- Besøk av **Jæren Sparebank** på 10.trinn. Dette er eit lærerikt og flott opplegg som Jæren Sparebank arrangerer kvart år for elevane på 10.trinn.
  
- **Alexis Lund** kjem til TUS onsdag 7.februar.
  - Ein betre historie
  - Respekt for dei som har eit anna syn. ( Me skal møte våre medmenneske med respekt, ikkje dermed sagt at me skal vera einige i det dei står for – men likevel er det viktig at me ser på alle som våre medmenneske.) Tykkjer elevane har lett for å gå til angrep på dei som meiner noko anna – og bruk av skjellsord og nedsetjande ord vert fort brukt.
  - Porno
  
- Tankevirus for 9.trinn. (Hå kommune.)
  - Måten ein tenkjer på. Mange «virus» er med på prega tankane våre – og ofte er dei negative:
    - Tenk – viss virus
    - Vær perfekt virus
    - Tankeleservirus
    - Baksnakkervirus ( mot ein sjølv)

Frå styremøte 30.januar 2024:

- Nytt internatbygg på vidaregåande. Ferdig juni 2025. Kostnad 39 million.

- Tilsetjingar:
  - Øystein Lemvik
  - Espen Kirkeby
  - Leon Løge
  - Røbecca Nebdal
  - Lise Ødegaard Særheim
  - Hanne Friborg Heng

**05/24 10.klassefesten 10.juni.**

FAU representantane på 9. trinn har ansvar for det praktiske rundt 10.klasse festen. Representantane fekk i oppgåve å skaffa kaker til festen og til å få tak i nokre som kan vera med i komiteen som har ansvar for å få maten inn på borda og for å rydda etter festen.

**06/24 Eventuelt:**

- **Elev og foreldrekveld på 8.trinn.**

FAU tok for fleire år sidan initiativet til at skulen skulle arrangera fest for elevane og foreldre/ føresette på 8.trinn. Bakgrunnen var at elevane kom frå mange ulike skular og foreldra visste ikkje kven dei andre foreldra på trinnet var. Skulen har arrangert denne samlinga år etter år.

FAU gav uttrykk for at dette var ei samling som dei ynskte at skulen skulle halda fram med. Foreldra gav uttrykk for at dette var samlande og positivt både for elevane, men og for foreldra.

- **Skuleruta 2024-2025**

FAU var informert om Skuleruta for 2024-2025.

- Neste FAU møte er tysdag 7.mai klokka 19.30.

Referent: Tron- Arild Grødem